

Fullmåne og skitur i Muslandslio

09.02.2012



Månenatt i Uskedalen

Du treng ikkje reisa til Børsstølsbotn for å finna snø og skiterreng.
Med fullmåne går turen opp Hauglandsvegen
og inn Muslandslio, ein høveleg kveldstur i nærområde

Skia tek du på straks du parkerer bilen på Haugland.
I snøscooterspor og nysnø er det lett å ta seg opp lia.
Dersom du ikkje vil halda fram mot toppen, er det mykje
snø i skogsvegen som går inn i og over Musland og Friheim.

Med svak stigning endar du opp på ei slette med vakker
utsikt mot Ulvanåso, Fjellandsbøle og ikkje minst
ned Uskedalen mot Eik og Steinsletto.

Nedkøyringa er trygg og straks er du nede til fylkesvegen.
Ikkje den lange turen, vil du sei.
Med noko tempo og ingen pause er det god trim.
Med nok snø og i vakkert ver seier vi berre:
Finn fram skia og bruk nærområde til rekreasjon.

Tekst : Kristian Olav Bringedal

Foto: Ola Matti Mathisen